# TURPROGRAM 2020



## Fyresdal Turlag

Aust-Agder Turistforening

DEN NORSKE TURISTFORENING









# Velkommen på tur med Fyresdal Turlag.

Fast møteplass er ved Sparebanken Sør i sentrum. Tak med passande klede, mat, ski, hovudlykt, lommelykt og god turlyst. Alle som er med går turen på eige ansvar. Atterhald om endringar i oppsette turar. Turar merke med * har bok på toppen.

**Spørsmål, kontakt naturlos for turen eller Gunhild, tlf. 957 91 511 eller e-post gmomrak@gmail.com**

Du kan også gå turar på eiga hand i Fyresdal og du finn alle våre turløyper på UT.no eller på appen SjekkUT.

## Kom deg ut dagen

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **2. februar** | Birtedalen, Fyresdal | Kvipt Gjestegard kl. 11.00 | 4 | Sven Lie | 472 67 200 |

Samarbeid med Fyresdal Røde Kors og Birtedalen Sti og Løypelag. Arrangementet finn stad på jorda nedanfor Kvipt Gjestegard. Servering av mat og kaffi.

## Skitur opp vegen til Findalstveit

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **4. februar** | Hegglandsgrend, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 5 | Ansgar Johre | 482 66 350 |

Parkerar i starten av vegen til Gausvatn og går på ski oppover bakkane mot den gamle garden Findalstveit. Vi fyrar eit bål på toppen. Flott å renn ned att bakkane. Månen er nesten full i kveld.

## Skitur på Hegglandsnetten 697 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **11. februar** | Hegglandsgrend, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 8 | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Lett fin skitur noko bratt på toppen. Fint å lage mat i bålpanna. Fin gapahuk og flott utsikt på toppen.

## Skitur til Tjønndalen

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **18. februar** | Hegglandsgrend, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 8 | Ansgar Johre | 482 66 350 |

Parkerar ved skuterhusa på Husstøylvegen. Fylgjer vegen inn til Løkjebrua og tek til venstre her. Fylgjer vegen heilt til enden, nokre km. Reknar med at det blir eit kaffibål.

## Skitur i Skvettedamsvegen frå Lie

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **25. februar** | Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 8 | Kari Hildur Lie | 957 67 975 |

Parkerar ved Lie og går i den fine oppkøyrde skiløypa til Napevadet og rundt Kanetjønn. Kaffipause ved Kanebu.

# Skitur opp Bjønnesmuget opp til Fossli

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **3. mars** | Hegglandsgrend, | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 8 | Ansgar Johre | 482 66 350 |

Går på ski frå skuterhusa på Husstøylvegen. Nokså bratt oppover til Fossli. Flotte bakkar å renne ned att. Fin rundtur med kaffibål.

# Skitur Birteskar og Fisketjønnskaret

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **10. mars** | Birtedalen, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 8 | Grethe Lassemo | 977 88 988 |

Parkerar i vegen mot Birte ved Fisketjønn. Fylgjer dei flotte oppkøyrte skiløypene til Fisketjønnskaret og bortover mot Birte. Tilbake langs vatnet. Flott rundtur. Fullmånetur.

# Skitur på Nasefjell 916 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **17. mars** | Birtedalen, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 4 / 9 | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Fylgjer sommartraseen til toppen av Nasefjell i variert terreng med fine bakkar ned att. Vi lagar bål like før vi er nede att.

# Skitur på Kviptefjell 903 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **24. mars** | Birtedalen, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 4 / 8 | Grethe Lassemo | 977 88 988 |

Køyrer inn til Griddalen og fylgjer skuteløype eit godt stykke. Mot toppen lagar vi spora sjølve. Flotte bakkar å renne ned att. Bål under gråna på heimvegen.

# Skitur på Jåmsfjell 936 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **31. mars** | Birtedalen, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 4 / 8 | Grethe Lassemo | 977 88 988 |

Køyrer til Birtedalen og parkerar før Fisketjønn. Fylgjer den fine oppkøyrde skiløypa oppover bakkane til Fisketjønnskaret. Vi ser kor langt vi går før vi renner ned mot vatnet. Går tilbake langs vatnet. Fin rundtur.

# Gåtur på Sitjenuten

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **14. april** | Fyresdal sentrum | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 5 | Sigmund Nærum | 906 17 033 |

Går oppover Sitjebakkane og inn forbi den gamle buplassen Øyne. Herifrå og opp til Bergan er det bratt. Fylgjer fin trase til toppen av Sitjefjell. Her er utsikten flott utover sentrum. Ned slepa til Løyland.

## Gåtur på Kleivfjell 450 moh

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **21. april** | Kilegrend, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 6 | Helge Kiland | 916 32 615 |

Vi parkerar langs FV355 ved Sundsli og går fin bratt stig opp på dette flotte fjellet. Resten av turen er lite stigning og flott utsikt. Etter ein rast der vi ser rett ned til Kleivtjønn går vi ned ei slepe og til slutt flott stig ned til busetnaden.

## Topptur på Harås 676 moh

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **28. april** | Hauggrend, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 8 | Gunnar Grunnvik | 916 32 615 |

Vi parkerar før dammen i Skreevatn. Fylgjer veg eit par km før vi går opp på dette flotte fjellet. Etter ein rast med fin utsikt går turen vidare framover og etter kvart bratt ned att til veg. Fylgjer denne tilbake til Skreosen. Fin rundtur.

## Topptur på Hægefjell 1021 moh

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **1. mai** | Fjone, Nissedal | Bankplassen, Fyresdal kl. 10.00 | 6 / 8 | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Vi køyrer til Fjone og inn bomvegen ved skulen. Det er ca. 10 km inn til Landtaksdammen der vi startar turen. Går eit par km langs veg ved foten av dette flotte blankskura fjellet. Fylgjer den ytre stigen opp til toppen og den merka stigen ned att.

## Går opp Grytebakkane til gamle tufter

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **5. mai** | Hegglandsgrend, Fyresd. | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 6 | Olav Skræi | 977 18 526 |

Går opp heile Grytebakkane. Ser restar etter tufter fleire plassar.Høgt oppe passerar vi tufter på Øvverket, restar etter Kasine og til slutt kjem vi opp til Tveitåsen. Vi går til Husstøylvegen der vi  har parkert ein bil, alternativt går vi ein annan veg ned att.

## Topptur på Igletjønnuten 949 moh * og den store steinen

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **12. mai** | Momraksheia, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 7 | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Går den bratte merka stigen til toppen. Derifrå ned til Storsteinane og fylgjer stigen til den store steinen. Utsikten mot Fyresvatn er flott heile vegen. Går ned att til FV 355 ved Raublæsvegen.

## Topptur på Napen 889 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **19. mai** | Momraksgrend, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 4 / 6 | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Køyrer inn til den gamle garden Nape Vestre og går mot toppen herifrå. Jamn stigning heilt opp.

## Vandretur langs Langefjell 753 moh

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **21. mai** | Treungen, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 10.00 | 6 / 8 | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Køyrer til Naurak i Nissedal og parkerar ein bil. Vi går opp frå Gaurak som er like nord for Treungen. Bratt stig både opp og ned frå dette langstrekte flotte fjellet. Vi går nokre km og beundrar utsikten før vi kjem til ein flott varde. Denne turen er ei stor oppleving!

## Topptur på Bjørnstigfjell 883 moh

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **26. mai** | Birtedalen, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 4 / 8 | Gunn Heidi Berge | 452 44 961 |

Parkerar på Berge, Nesvatn og fylgjer bilvegen nokre km. Det er merka stig heilt opp på dette flotte fjellet. Etter ei pause på toppen går vi ned att og tek ein rundtur om støylen Sandebu.

## Vandretur frå Vindilhytta til Tobakksfura. Mat i Svarthylkyrkja

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **2. juni** | Nesvatn, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 4 / 6 | Grethe Lassemo | 977 88 988 |

Parkerar ved Vindilhytta og fylgjer merka stig inn til ei kjempefuru. Den skal ha ein omkrets på 4 meter!! Nede ved bilen att køyrer vi litt lenger ned der vi fløytar oss over eit vatn på ein flåte og går inn til Svarhylkyrkja der vi får servera mat. Kvar enkelt kostar maten sjølv. Tak med redningsvest!

## Båttur på Torsdalsvatn til gamle buplassar

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **7. juni** | Torsdalsvatn, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 10.00 | 6 / 1 | Ansgar Johre<br>Gunhild Momrak | <br>957 91 511 |

Vi tek med oss nødvendig antal båtar til Torsdalsvatn. Køyrer sakte innover og stoppar ved gamle buplassar og tufter. Her er det mykje kultur! Tak med redningsvest. Lite gåing. **Påmelding innan 2. juni.**

## Topptur på Sandviknipa 929 moh

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **9. juni** | Austre Nape, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 4 / 7 | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Vi køyrer inn til austre Nape og parkerar ved Vidstøylhytta. Går oppover liane til vi er oppe på dette flotte fjellet. Det er ein stor og flott varde her.

## Vandretur til Bjørkesneisa 878 moh

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **16. juni** | Kilegrend, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 4 / 10 | Helge Kiland | 916 32 615 |

Parkerar ved Nussli heilt inne i Bindalen. Fylgjer den merka stigen innover og tek til høgre litt før gapahuken. Fylgjer så merka stig nordover til vi kjem opp på dette flotte fjellet. Her er grensa for 3 grunneigarar. Fylgjer same veg tilbake eller via Bindalsfjell.

## Topptur på Venlifjell 905 moh

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **23. juni** | Vrådal, Kviteseid | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 5 / 5 | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Køyrer forbi Vrådal og sørover nokre km. Det er skilta bomveg til Venlifjell som vi fylgjer til slutten av vegen. Fin merka stig til toppen. Det er som namnet seier at her er det vakkert, for ein utsikt! Kaffipause i den fine gapahuken nedanfor toppen ved ei lita tjørn. Omlag 300 m stigning.

## Støylsvandring på Momraksheia

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **30. juni** | Momraksheia, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 5 / 8 | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Køyrer inn Napevegen til ein avstikkar i Støylslia. Går forbi tufta på Støyl, dette var ein buplass alt før svartedauden. Etter ein halvtime kjem vi til Støylshovden, bua som sto her er nå i Øyskogen. Denne har mykje knotingar på veggane inne. Vi må over Aslomfjellet før vi går bratt ned til tufta på Aslomstøylen. Vidare lia austover til hytta på Vindåsen. Her er hytta i god stand men uthuset er nedrasa. Går ned lia til tufta på Myrbua. Før vi går heimover tek vi vegen om tufta på Tjoånæ. Det står om desse støylane i Sjå deg attyvi i 2018.

## Vandretur frå Hærstad til Ringtjønn og Gulbjørgstøylen

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **7. juli** | Hærstadheia, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 15.00 | 5 / 10 | Børge Sandum | 414 21 312 |

Vi går opp frå Hærstad og fylgjer den bratte vegen opp Granabrokk. Vidare til Ringtjønn og mogeleg innom ein plass der ein kan finne kvartskrystall. Fylgjer stigen der dei går med kyrne til Saupstøyl. Vi ser om vi stoppar ved Gulbjørgstøylen eller går vidare til Saupstøyl. Tilbake går vi langs Mjåvatn til den flotte Mjåvassdammen og ned til buplassen Døkkji. Ned til vegen der vi har sett ned ein bil. **Fyresdal Sogelag og Fyresdal Bygdekvinnelag er spesielt invitera med i dag.** Lang og krevjande tur.

## Vandretur frå Torsdalen til grotte på Rauhommen

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **14. juli** | Torsdalen, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 4 / 8 | Sigmund Nærum | 906 17 033 |

Vi parkerar ein bil ved Ramsvassvegen og køyrer opp på Torsdalsdammen. Fylgjer turistvegen til toppen av Bergesheia. Tek så til venstre på All Verdens Hei med lett terreng mot Rauhommen. Kaffipause ved ei særmerkt rund lita tjørn med ei grotte i sida, ein kan tydeleg sjå merke etter at denne er sprengt. Bratt ned til vegen til Ramsvatn.

## Topptur på Skipsfjell og til Erhommen

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **21. juli** | Hauggrend, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 4 / 8 | Sigmund Nærum | 906 17 033 |

Køyrer vegen til toppen av bakkane til Kråkehommen. Går opp på Skipsfjell delvis utan stig. Ned att går vi bort til tufta på Erhommen. Fin rundtur.

## Topptur på Lauvikfjell

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **28. juli** | Skafså, Tokke | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 4 / 8 | Arne Dag Lassemo | 915 25 435 |

Køyrer til Skafså og parkerar i Svingen. Det er merka stig opp på dette flotte fjellet som er om lag 1000 m høgt. Bratt mot slutten. Fantastisk utsikt til Bandak.

## Topptur på Roan 1191 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **4. august** | Hauggrend, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 4 / 8 | Grethe Momrak-Haugan | 901 50 294 |

Køyrer opp vegen mot Foldsæ og vidare om lag 5 km inn ein bomveg med bompengar. Det er merka stig opp på dette flotte fjellet. På toppen finn vi ei oversiktstavle som syner fjelltoppar rundt i kring. Same vegen ned att.

## Topptur på Kviptefjell 903 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **11. august** | Birtedalen, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 6 | Sigmund Nærum | 906 17 033 |

Parkerar like før Kvipt Gjestegard og går ein fin rundtur herifrå. Bratt stigning før ein er oppe på toppane. Fantastisk utsikt med lett terreng til varden med kasse med bok i. Bratt ned til botnen av Kvipteskar. Moglegheit for eit bad i Blakstjønn før vi går ned til Kvipt, med samling på Kvipt Gjestegard der vi får servera rjomegraut og spekemat. Gild avslutning på ein fin tur. Kvar enkelt betalar for maten.

## Topptur på Storfjell 808 moh

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **18. august** | Napevatn, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 8 | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Vi køyrer langs Napevatn og opp på andre sida av dammen. Går inn ved Grytestøyl langs fin stig. Etter kvart går vi oppover flotte svafjell med særmerkte furu. Terrenget er bare heilt fantastisk. Vi passerar det høgste punktet før vi går ut til varden, som ligg heilt framme på kanten ovanfor Fjalestadgardane. Utsikt over heile Fjønemøane og mot Kyrkjebygda. Turen er flott også for ungar!

## Vandretur frå Libru til Nussvik og Aujordet

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **25. august** | Kleivgrend, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 4 / 8 | Inge Homme | 917 40 330 |

Vi parkerar ved bomkassa på Libru. Fylgjer raudmerka fin stig langs vassdraget opp til Djupetjønn. Går over eit lite høgdedrag før stigen går ned til Røynebrokktjønn. Fylgjer bilvegen til dei gamle gardane Nussvik og Audjordet og vidare ut langs Ulvsvatn.

## Topptur på Jåmsfjell 936 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **1. sept.** | Birtedalen, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 6 | Grethe Lassemo | 977 88 988 |

Køyrer til Birte i Birtedalen. Fylgjer den merka stigen til toppen. Same veg ned att.

## Topptur på Tjønnefjell 1065 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **8. sept.** | Åslandsheia, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 4 / 10 | Sven Lie | 472 67 200 |

Køyrer opp vegen til Åslandsgrend og parkerar ved enden av vegen. Vi går den bratte stigen både opp og ned, med ein fin rundtur ved Tjønnekvævtjønna. Toppen er over 1000 m høg så vi er på snaufjellet.

## Vandretur til gamle buplassar i Borggrend

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **15. sept.** | Borggrend, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 7 | Sverre Nape | |
| | | | | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Vi køyrer inn til Nordbø i Borggrend. Går til Rui der det ennå finnast hus att. Går opp til tufta på Vassli før vi går 1,5 km opp til Festøyl/Fisstøyl. Kanskje tek vi turen opp til Grimvatn før vi går ned att stigen til Nordbø. Ein fin rundtur.

## Vandretur til Kleivane og Skeivbru

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **22. sept.** | Fyresdal sentrum | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 7 | Kari Hildur Lie | 957 67 975 |

Går opp bakkane frå sentrum forbi Øyne og Bergan. Kjem opp til Kleivane der vi ser tufter etter fleire hus. Dei bratte jorda blir nå bruka til beite. Går vidare oppover eit stykke før vi snur og går ned att til Berge.

## Topptur på Øynuten 522 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **29. sept.** | Kilegrend, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 2 / 3 | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Køyrer til Kilegrend og parkerar like før Øyne Camping. Den merka stigen er bratt og kort. Flott utsikt på toppen.

## Topptur på Napen 889 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer / km | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **6. oktober** | Momraksgrend, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 6 | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Køyrer inn til den gamle garden Nape Vestre og går mot toppen herifrå. Jamn stigning heilt opp.

## Topptur på Gaukås 1048 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **10. okt.** | Kleivgrend, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 10.00 | 6 / 10 | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Dagstur til Gaukås. Vi køyrer inn Kleivgrendsvegen og parkerar ved Torsdalsdammen og fylgjer merka stig til toppen av dette flotte fjellet. Som toppar flest er det god usikt alle vegar. Ned att går vi om hytta i Breihommen og ned att i hyttefeltet nedanfor dammen. Fin rundtur.

## Tur til Skoret/Skøri *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **13. okt.** | Fyresdal sentrum | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 3,5 | Sigmund Nærum | 906 17 033 |

Vi går opp den gamle bratte og fine stigen. Flott utsyn på platået nedanfor Skoret. Fint å koke kaffi i røykestoga. Her er det gamle kulturlandskapet opna opp og det går telemarkskyr på beite heile sommaren. Inne i den gamle bua kan ein sjå flotte veggmåleri av Tomas Luraas.

## Topptur på Geitnetten 776 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **20. okt.** | Fyresdal sentrum | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 4,5 | Kari Hildur Lie | 957 67 975 |

Køyrer opp Libakkane og parkerar anten ved Kjeldmyra eller på toppen av bilvegen. Fylgjer så den umerka tydelege stigen på framsida opp til toppen. Reknar med at vi lagar eit lite bål på heimturen.

## Topptur på Hegglandsnetten 697 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **27. okt.** | Hegglandsgrend, Fyresdal | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 4 | Arne Dag Lassemo | 915 25 435 |

Køyrer opp i Geitestabakkane, går opp bratt slæpe til toppen av bakkane og fylgjer veg og seinare bratt stig mot toppen. Vi fyrar i bålpanna i gapahuken. Flott utsyn over heile sentrum.

## Turkveld i Veslesalen

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **3. nov.** | Veslesalen, Samfunnshuset kl. 18.00 | | 2 / 0 | Ragnhild, Svein og Gunhild | |

## Topptur på Geitnetten 776 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **10. nov.** | Fyresdal sentrum | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 4,5 | Kari Hildur Lie | 957 67 975 |

Køyrer opp Libakkane og parkerart anten ved Kjeldmyra eller på toppen av bilvegen. Fylgjer den umerka tydelege stigen på framsida opp til toppen. Reknar med at vi lagar eit lite bål på heimturen.

## Topptur på Hegglandsnetten 697 moh *

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **17. nov.** | Hegglandsgrend, Fyresd. | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 3 / 4 | Arne Dag Lassemo | 915 25 435 |

Køyrer opp i Geitestabakkane og går opp bratt slæpe til toppen av bakkane. Fylgjer veg og seinare bratt stig mot toppen. Vi fyrar i bålpanna i gapahuken. Flott utsyn over heile sentrum.

## Vandring i Hamaren Aktivitetspark

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **24. nov.** | Fyresdal sentrum | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 2 / 3 | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Vi går ein rundtur frå sentrum. Vi fyrar bål på toppen av Hamaren dersom veret tillet det.

## Vandring i Hamaren Aktivitetspark

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **1. des.** | Fyresdal sentrum | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 2 / 3 | Kari Hildur Lie | 957 67 975 |

Vi går ein rundtur frå sentrum. Vi fyrar bål på toppen av Hamaren dersom veret tillet det.

## Vandring i Hamaren Aktivitetspark

| Dato | Turmål | Møtestad og tid | Timer | Naturlos/Kontaktperson | Telefon |
|---|---|---|---|---|---|
| **8. des.** | Fyresdal sentrum | Bankplassen, Fyresdal kl. 17.00 | 2 / 3 | Gunhild Momrak | 957 91 511 |

Vi går ein rundtur frå sentrum. Fyrar i grillhytta ved POS som avslutning på turåret.







**Fyresdal Turlag**
Aust-Agder Turistforening

DEN NORSKE TURISTFORENING

Kontaktperson: Gunhild Momrak
Mobil: 957 91 511
E-post: gmomrak@gmail.com

Alle foto: Gunhild Momrak

ATL Grafisk AS - 37 00 36 70